

# VELKOMMEN TIL SUNNYLVEN DISTRIKT



## VI TILBYR DISSE TENESTENE:

- OMSORGSBOLIGAR
- SJUKEHEIM
- HEIMETENESTE
- DAGSENTER

**TENESTENE MÅ SØKAST PÅ OG BLIR  
BEHANDLA I KOMMUNALT TILDELINGSNEMD**

**KONTAKTINFORMASJON TELF: 464 11 184**

**Ved omsorgssenteret er der heildøgns personale som har ansvar for å ivareta:**

- Trygghet
- Hjelp til personleg hygiene
- Reinhold
- Mat
- Medisinhandtering
- Hjelpemiddlar
- Aktivitetar

## **SJUKEHEIMEN**

Sjukeheimen har 5 + 1 plass. Brukarar av sjukeheimen har fått tildelt plass, men ikkje eit bestemt rom. Det betyr at man kanskje må bytte rom, og når der er stort behov – dele med andre.

Brukarar av sjukeheimen må halde sjølv:

- Klede, sko og toalettartiklar (minus tannkrem og såpe)
- Pynt og dukar til rommet

Betaling av sjukeheimsplassen er på korttidsopphald fastsatt av staten. Langtidsopphald blir utrekna av pensjon etter gjeldande reglar.

## **HEIMESJUKEPLEIE**

Tenesta er ment for heimebuande som klarar å bu heime med litt hjelp. T.d. dusj, medisinhandtering og sårstell. Tenesta er gratis.

## **HEIMEHJELP**

Tenesta kan innehalde:

- Vask av golv
- Vask av bad
- Støvtørk
- Innkjøp av daglegvarer
- Sengetøyskift

Nedvask og andre større behov er ikkje ein del av tenesta.

Betaling av heimehjelp er fastsatt av eit kommunalt politisk organ – HOK, og er basert på pensjon.

## **OMSORGSBOLIGANE**

Omsorgsboligane består av 18 leilegheiter. Utleiesats er fastsatt av eit kommunalt politisk organ – HOK, og er den same for lik type leilegheit.

Leilegheitene er umøblerte, og forutan møbler treng bebruar:

- 2 dyner og puter
- Klede og andre personlige artiklar
- Gardiner, dukar og anna pynt

### **Sengetøy og toalettpapir/bossposar:**

Omsorgssenteret holdar sengetøy. Prisen er en del av Ymse tenester

Omsorgssenteret holdar toalettpapir/bossposer. Prisen er en del av ymse tenester

### **Mat:**

Brukarane kan etter behov velje mellom 2 typar teneste:

1. kjøpe middag – ordne tørrmat sjøl.
2. full kost.

### **Vask av private klede:**

Personalet kan vaske private klede ved omsorgssenteret. Tenesta er en del av ymse tenester. Kleda må være godt merka. Vi kan hjelpe til med innkjøp av merkeband.

Det er ønskelig at pårørende ser til at bebruar har klede som passer.

### **Reinhold:**

Bruker kan søkje om heimehjelp. Ved utflytting må bebruar/familie vaske ned leilegheita. Heimehjelp ved omsorgssenter utførar ikkje innkjøp. Sjå elles pkt om heimehjelp.

### **Tryggheit:**

Bebuarane ved omsorgsbustadane har ringesnor for å kunne tilkalle personalet ved behov for hjelp. Det er definert lik tryggleiksalarm for heimebuande.

### **Dagsenter:**

Her er dagsenter/arbeidsstove kvar tysdag og torsdag.

### **Andre tenester:**

Vi er behjelpelig med søknad om bustøtte og hjelpemiddlar, medisinbestilling, legetilsyn, frisør og fotpleier.

### **Pårørandeforeining:**

Alle næraste pårørande er automatisk med i Pårørandeforeininga. 2 pårørende, einingsleiar og ein person frå personalet utgjer styret.

VI BER OM AT BESØKANDE VISAR HENSYN TIL ANDRE BEBUARAR, OG IKKJE ER PÅ BESØK ETTER KL 2300.